



Hardangerrådet iks



Hardanger

## Oppsummering frå Hardingtinget Torsdag 13.02.2020 Thon Hotel Sandven, Norheimsund

Frammøte: Formannskapsmedlemmene i Hardanger og Voss, rådmenna, planansvarlege, næringsansvarlege/Team Hardanger, innleiarar, administrasjon og styret i Hardangerrådet. Det var også mange tilhøyrar frå reiselivsbransjen i Hardanger.

Opning: Velkomen og introduksjon v/ rådsordførar og ordførar i Kvam Torgeir Næss

Innleiarar: (presentasjonane er vedlegg til referatet)

- **Visit Hardangerfjord v/Andreas Skogseth** - Hardangerturismen anno 2020
- **Destinasjon Voss v/ Mona Hellesnes** - Merket for berekraftig reisemål
- **Vestland fylkeskommune v/Marta Dixon** - Trolltunga. Døme på heilskapleg besøksstrategi
- **Visit Sognefjord v/Ståle Brandshaug** - Masterplan for Sogn; overføringsverdiar

### Oppsummering gruppeoppgåver:

#### Oppgåve 1.

- **Korleis kan kommunane bidra til ei styrt og samordna utvikling av reiselivet i Hardanger/Voss?**
- **Konsekvensar av å ikkje gjera noko i fellesskap? **Gruppe 1 og 4****

#### GRUPPE 1

**Kommunane kan bidra med :**

Felles bidrag

Me må vera villige til å tenkja at me vil stå saman.

Samordning krev at det vert løfta opp til eit høgare nivå

Gjera politiske vedtak, f.eks regional plan

Utfordringa er å få turistane til å vera lenger i regionen.

Nokon peikar på felles bookingplattform for Hardanger

Hardanger og Voss treng ein aktiv organisasjon som kan utarbeida ein felles og samlande strategi

Felles besøksstrategi

Interaktivt kart over Voss og Hardanger

Tilretteleggja for grunder og vidareutvikling av eksisterande bedrifter

Lettare å få støtte om ein kan visa til samarbeid i regionen.

**Konsekvens av å ikkje gjera noko:**

Om me ikkje gjer noko, kan andre koma å gjera jobben for oss/ ta det ifrå oss.

#### GRUPPE 4

**Kommunane kan bidra med**

Nokon må ha/få forpliktelsar til å vidareføra dette arbeidet med starta i på idag.

Felles besøksstrategi for Hardanger Kan nokon laga interaktivt kart over Hardanger og Voss Tilby både gründer aktivitet og hjelp/kompetanseheving til etablerte næringsaktørar.

### **Konsekvens av å ikkje gjera noko:**

Ujavn og lite framdrift

Me nyttar ikkje felles drivkraft

Manglande samarbeid kan føra til mindre aktivitet

*Denne gruppa oppfordrar til **RAUS SAMHANDLING!***

### **Oppgåve 2.**

- **Ansvars- og arbeidsfordeling mellom region og kommune. Felles for planarbeid og tilrettelegging av toalett - bubilplassar - turstiar - renovasjon**

#### **GRUPPE 2**

- Ansvar er kommunane sitt.
- Regional plan for vidareutvikling av toalett, bubilplassar, turstiar, renovasjon,
- Regionane bidreg til samordna drift av turistinformasjonar
- Rammeverk vert lagt av regionen. Destinasjonen set premissene. VHF utfører.
- Kan me laga felles masterplan ? Kan me ha ein felles regional plan der kommunen sjølv iverkset og regulerar.
- **Turstiar** - Her må kvar kommune og lokalt næringsliv finna ut kva ein vil visa fram og peika på, og kva ein ikkje vil gjera visa fram. Det ein løfter fram bør då regulerast for besøk med tilrettelegging.  
Kan ein også få til heilheitleg tilnærming og merking, slik at me framstår som eit "konsept" ( eks. Vinmonopolet )  
Ramma vert laga av Hardangerrådet, og Visit Hardangerfjord iverkset.

### **Oppgåve 3.**

- **Kva kan kommunane gjera for å stimulera til auka heilårsturisme?**

#### **GRUPPE 3**

Lokalbefolkningen må hensyntakast. Ein god plass å bu er ein god plass å besøkja!

#### **Kommunen må /bør vera:**

- med og arbeida for å utvikla heilårsturisme og næringslivet.
- vertskap også for reiselivsnæringa
- gjera anbod fordelaktige for lokale tilbydarar
- pådrivar for båt på fjorden heile året.
- pådrivar for at infrastruktur, anlegg og aktivitetar er opne til å vera open tilnerma/heile året. Kva med underskotsbidrag?
- arbeida for at offentleg transport fungerer betre både for lokalbefolkning og gjester
- med på å øymerka fellesfinansieringar, som f.eks parkeringsavgift til fellesgoder.
- med å klaga årshjul

90% av turistane i Hardanger/Voss skal ikkje til Trolltunga.

Kan ein bruka "bompengevesenet" til innkreving av turist/gjestebetaling, og kan ein ha lokale fortrinn?

Slagord: **VERA MEIR ILAG - GJERA MEIR ILAG!**

#### **GRUPPE 6**

#### **Kommunen må /bør vera:**

- med å tilrettelegge for arrangement utanfor sesong
- regulerer områder for spesielle vinteraktivitetar
- setja opp skibussar til løypene

- med å tilretteleggja for auka aktivitet på fjorden
- bidra med kompetanse innan energieffektivisering.
- med å arrangera gründercampar/innspeismøte, og lytta til eksisterande aktørar - for nye og auka aktivitet
- lytta til dei som driv med reiseliv
- skapa arena mellom reisleiv og grunneigarar, og vera katalysator for utvikling. Felt for felt.
- med å laga turkart/plan
- Samferdsel er utfordring for alle - ei viktig offentleg oppgåve. Kommunen bør arbeida for å betra kommunikasjonane/kollektiv heile året.
- Kva med "heimabloggkurs"

ORD til HANDLING: analyse

Styrker: Varierte og mange aktivitetar, mange besøkspunkt.

Svakheiter: infrastrukturen; tilrettelegging; samarbeid; økonomi

Moglegheiter: nye nisjeprodukt; meir samarbeid; stor gjennomstrøyming; kultur-nærleik

Trussel: planar og reguleringsplanar

## GRUPPE 5

### Oppgåve4.

- **Kan kommunane påverka til at ein kan innføra fellesgodefinansiering?**
  - Øyremerka fellesgodefinansiering.
  - Bompenggeandel.
  - Er det eit ønskje i heile regionen?
  - Kva skal vi finansiera med denne avgifta?

Som region kan me innføra fellesgodefinansiering, og me må spørre oss:

**Er dette eit ønskje alle har? og så må ME må løysa det SAMAN!!!**

1. **Kva er det me skal finansiera**
2. **PLAN for gjennomføring**